



Reiakvam Rørservice As

Vår ref.:
25/2038-1

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Bjørn Leon Rusken

Dato:
13.03.2025

Invitasjon til dialogmøte «Mindre avløpsanlegg» onsdag 02.04.2025

Sunnfjord kommune inviterer til dialogmøte med tema «Mindre avløpsanlegg» for bransjen og andre interesserte på rådhuset onsdag 2. april kl. 10:00-12:00.

Føremålet med møtet er å få ei felles forståing av kva forventningar kommunen har til bransjen, og bransjen har til kommunen, for søknadar, sakshandsaming og utarbeiding av bygge- og utsleppsløyve for «Mindre separate avløpsanlegg» (kap. 12 avløpsanlegg etter forureiningsforskrifta).

Møtet er primært retta mot bransjeaktørar, dvs. verksemdar som erklærer ansvarsrett for søknader etter plan- og bygningslova for avløpsanlegg, og søkjarar og/eller nøytrale fagkyndige for søknadar om utsleppsløyve for sanitært avløpsvatn etter kap. 12 i forureiningsforskrifta. Men møtet vil vere oppe for alle interesserte.

Vi har sett opp ein førebels dagsorden for møtet, men tek gjerne imot innspel frå bransjen.

Førebels dagsorden

1. Velkomst med orientering om føremålet med dialogmøtet
2. Orientering om nye føringar og prosedyrer for sakshandsaming av søknadar om bygge- og utsleppsløyve for separate avløpsanlegg
3. Dialog om:
 - a. Kva forventningar har kommunen til søknadane
 - i. Ansvarsrett etter plan- og bygningslova
 - ii. Kva vil det seie å vere søkjar og/eller nøytral fagkyndig for utsleppssøknadar
 - b. Kva forventningar har bransjen til kommunen si sakshandsaming
4. Orientering og dialog om:
 - a. Rettleiingsplikta til kommunen om val av avløpsløyving
 - b. Infiltrasjon som 1. val av avløpsløyving
 - c. Utfordringar med drift, service og tømning av minireinseanlegg
 - d. Søknadar om tette tankar

Innspel, eventuelle spørsmål og påmelding kan sendast til:

Bjørn L. Rusken, fagkoordinator utsleppsløyve og tilsyn
Telefon: + 47 57 81 66 17 | 47 67 77 11
E-post: bjorn.leon.rusken@sunnfjord.kommune.no

Dersom de har samarbeidspartnarar eller andre som de meiner kan vere interessert, bed vi om denne invitasjonen vert vidareformidla til desse. Om lag ei veke før møtet vil vi sende ut oppdatert dagsorden for møtet.

- Stad: Møterom Sunnfjord (kommunestyresalen) i 4. etasje (ved kantina) i Sunnfjord rådhus, Hafstadvegen 42, 6802 Førde
- Tidspunkt: onsdag 2. april kl. 10:00-12:00

Med helsing

Joar Helgheim
Einingsleiar Landbruk og miljø

Bjørn Leon Rusken
Fagkoordinator utsleppsløyve og tilsyn

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Jan-Inge Hage
Joar Helgheim
Leif Halvor Kårstad
Magne Reidar Førde
Odd Harry Strømsli
Ole Johnny Kapstad
Stig Olav Kleiven
Tore Kristen Gjelsvik

Mottakrarar:

AS G & F Hjelmeland
Asplan Viak
Byggmester Aase &
Hegrenes AS
Dale Rør As
DS Rørteknikk AS
Førde Rør AS
Helgås Bygg &
Taksering
Hn Rørservice As
Ipec Miljø As
Ipec Miljø AS
Lava Scandinavia AS
Maskinentreprenør
Jostein Sunde AS
Norconsult As
Reiakvam Rørservice
As
Rørleggermester Tor
Dag Gulbrandsen As
Røyrleggaren AS
Skår VVS AS
SOS Brannconsult As
Sunnfjord Entreprenør
As
Sunnfjord Rør As
Sunnfjord Rør AS
Sweco
Trond Aardalsbakke
V&A.halling H. Varlid
Vest Miljø AS
Vestland Elektro og
Rør As
Viggo Leikanger